

Kompetanseutviklingsplan for Meland kommune 2018-2019 Strategisk del

Innhald:

- Innleiing
- Hovudmål
- 8 fokusområde:
 1. Leiarutvikling
 2. Endring og omstilling
 3. Systematisk kvalitetsarbeid
 4. IKT-digitalisering
 5. Fagleg kompetanseheving
 6. Forvaltningskompetanse
 7. Beredskap
 8. Etikk

Om planen:

Strategisk del utarbeidd av styringsgruppa: Anny Bastesen, Helge Kvam, Reidun Elin Johannessen, Guro Osnes, Kristin Moe og Kari Anne Iversen

Høyringsinstansar: Tenestemrådeleiarar, rådgjevargruppa og arbeidstakarorganisasjonane

Vedtaksmynde strategisk del: Administrasjonsutvalet

Ansvar for utarbeiding av tiltaksplanane 2018-2019: Tenestemråde/stabsleiarar

Ansvar for tiltaksplanar som går på tvers av arbeidsplassar/avdelingar: Styringsgruppa

Tiltaksplanane skal vere utarbeidde innan **31.01.18**

Vedlegg:

Mal for tiltaksplan.

Innleiing:

Kompetanseutviklingsplanen er eit viktig personalpolitisk verkty og må sjåast i samanheng med andre kommunale styringsdokument. Dette vil t.d. gjelde for:

- Kommuneplan – samfunnsdelen
- Økonomiplan drift og årsbudsjett.
- Mål- og strategiplan
- Overordna planverk for ulike tenesteområde og verksemdsplanar.
- Kvalitetsarbeid.
- AGS: Arbeidsgjevarstrategi for Meland kommune

Den strategiske delen tar for seg målsetjingar og ulike fokusområde. Dei 8 fokusområda er valde med bakgrunn i ei vurdering av kva kompetanse kommunen har og kva kompetanse vi treng å tilføre organisasjonen.

Den strategisk delen har eit tidsperspektiv ut 2019. I samband med kommunesamanslåinga vil det truleg bli laga felles kompetanseutviklingplan for den nye kommunen.

Kompetansetiltak for det enkelte teneste-/stabsområde vil bli utarbeidde for 2års-perioden, i samband med budsjettarbeidet. Det er då dei 8 fokusområda som skal danne grunnlag for dei prioriteringar som vert lagt inn i tiltaksplanane.

Hovudmål:

1. Kompetanseutviklingsplanen skal medverka til at kommunen til ei kvar tid er i stand til å løyse oppgåvene sine, både innafor tenesteproduksjon, forvaltning og samfunnsutvikling.
2. Planen skal medverka til at Meland kommune når dei måla som er sett for kommunen si totale verksemd. I desse måla er både kvalitet og effektivitet vektlagd.
3. Planen skal synleggjera kompetansebehovet, slik at formulerte mål kan oppnåast.
4. Planen skal gi dei tilsette tilbod om kompetanseutvikling, slik at kommunen er ein attraktiv arbeidsplass.
5. Meland kommune har som mål å vere ein "lærande organisasjon", dvs at vi må byggje på erfaring, dialog og refleksjon kring praksis. Den enkelte arbeidsplass er ein viktig læringsarena.

Fokusområde i planperioden:

1. LEIARUTVIKLING

God leiing er avgjerande for å levere gode tenester til innbyggjarane. God leiing er ein føresetnad for innovasjon og utvikling, jf også Meland kommune sin arbeidsgjevarstrategi. Kommunereforma understrekar behovet for endringskompetanse. Leiarane må få tilført ny og oppdatert kunnskap for å kunne utvikle sin leiarkompetanse. Styrka samhandling og endringsorientering er viktig for utvikling av tenestene. Fokusområde for leiarutvikling skal i perioden såleis vere på endringsleiing og tverrfagleg samhandling. Innhenting og analyse av styringsdata vert viktig som grunnlag for vurdering av tiltak.


2. ENDRING OG OMSTILLING

Evne til omstilling og endring er vesentleg for forståing av samsunnsopdraget og for effektiv drift. Raske samfunnsendringar og stadig teknologisk utvikling gjer at dei tilsette og organisasjonen må vere innstilt på å takle nye behov frå brukarane/innbyggjarane og nye måtar å tenke og jobbe på. Dei næraste åra er kommunesamanslåing den største endringa vi står framfor. Det krev kompetanse i organisasjonen til å forstå kva fornying inneber og korleis den enkelte medarbeidar kan ta aktivt del i omstillingsprosessar med varig endring som resultat.

3. SYSTEMATISK KVALITETSARBEID

Arbeidet med kvalitet er ein kontinuerlig prosess som inneber at ein gjer vurderingar som vert følgd opp med justeringar og nye mål. Slike prosessar krev involvering og dialog både i eiga verksemd og oppover eller nedover i systemet.

Systematisk kvalitetsarbeid:



4. IKT-DIGITALISERING

Kommunen har innført nokre,- og er i gang med å innføre fleire elektroniske løysingar for innbyggjardialog, i tillegg til at fagspesifikke system er under stadig utvikling. Høg grad av digitalisering er med på å heve servicenivået ovanfor innbyggjarane, sikre kvaliteten i tenesteytinga og effektivisere drifta ved å forenkle oppgåveløysinga og gje betre oversikt. Mange komplekse system er allereie tekne i bruk, og fleire vil bli tekne i bruk. Det er nødvendig at tenesteområda prioriterer opplæring og oppdatering av kompetanse hjå medarbeidarane for at dette potensialet kan bli utnytta fullt ut.

5. FAGLEG KOMPETANSEHEVING

Kommunen har bruk for spesialkompetanse innan alle tenesteområda. Verkemiddel kan vere inntak av lærlingar, vidareutdanning på fagskule- eller høgskulenivå, kursing m.m. Mål- og strategiplan dannar grunnlag for den generelle kompetansehevinga innanfor ulike fagområde og tenesteområde.

Fagleg kompetanseheving for lærarar grunnskulen

Alle lærarar som underviser i matematikk, engelsk, norsk og norsk teiknspråk skal ha fordjuping i desse faga (jf. forskrift til opplæringslova § 14-2 og § 14-3). For å undervise i andre fag på ungdomstrinnet krev det at vedkommande har minst 30 studiepoeng som er relevante for faget. Dette gjeld ikkje for valfaga, utdanningsval og arbeidslivsfag. Krav og analyse av behov dannar grunnlag for prioriterte fag til vidareutdanning for lærarar. Dei prioriterte faga er engelsk, matematikk og norsk. Fordjuping i faga kunst og handverk, mat og helse, spesialpedagogikk, særskilt norskopplæring og naturfag vurderast som prioritet to. På ungdomstrinnet er det behov for å ha fleksibilitet ved at fleire lærarar får undervisningskompetanse i ei større breidde av fag, og/eller fordjuping i to til tre fag.

Prioriterte områder for etterutdanning (generell kompetanseutvikling) for lærarar er lesing, realfag, læringsmiljø og tilpassa opplæring.

6. FORVALTNINGSKOMPETANSE

Meland kommune skal levere tenester og vedtak av god kvalitet til innbyggjarane. Det er aukande krav til kommunens forvaltning og tenesteyting i form av fleire lovpålagte rettar og plikter samt fleire og meir komplekse saker og enkeltvedtak. Rettsleggjinga av samfunnet stiller større krav til at kommunen har tilstrekkeleg kompetanse og sakshandsamingskapasitet. Aktuelle tilsette må vere oppdatert på det rettsområdet dei forvalter og ha nødvendig innsikt i og oversikt over lovverk, forskrifter og sentrale føringar. God forvaltningskompetanse er ein føresetnad for å kunne yte forsvarlege tenester og utøve forsvarleg sakshandsaming.

7. BEREDSKAP

Kommunen har gjennom tilsyn frå fylkesmannen (januar 2017) fått avvik på at kommunen manglar eit system for læring og kompetansebygging innan samfunnstryggleik og beredskap. Det må difor etablerast eit slikt heilskapleg system, der det m.a. vert utarbeidd ei kompetansematrise der roller og ansvar, med tilhøyrande kompetansekrav og faktisk kompetanse vert kartlagd. Denne kan danne

grunnlaget for ein opplæringsplan. Det kan vere aktuelt med samarbeid med dei to andre kommunane i kommunestrukturprosjektet.

8. ETIKK

I Meland kommune er etisk kompetanse og systematisk etikkarbeid viktig i kvalitetsforbetring. Grunnlaget ligg i lov, forskrift og retningsliner, og alle tilsette må ha eigarskap til tenestekvalitet. Samstundes må krava til høg etisk standard i det daglege arbeidet også utviklast «innanfrå».

Eit systematisk etikkarbeid gjev organisasjonen ein metodikk til å reflektere kring utfordringar i tenestene slik at desse vert belyst frå ulike vinklar og perspektiv. Føremålet er å finne fram til nye og betre løysningar som kjem brukarane og organisasjonen til gode, slik at kvaliteten på tenesteyting vert endå betre.

I planperioden vil ein nytte erfaringar frå Prosjekt etisk kompetanseheving 2012-2015, og vidareføre satsing på lokale etikk-kontaktar innan alle tenesteområde.

Ein ønskjer å prioritere etisk refleksjon i det daglege arbeidet, samt sikre både intern og ekstern kursing og kompetanseutvikling innan etikk.

